

Alle skular og kommunar



Vår ref.: 2015/839-1

Dykkar ref.:

Bergen, 23.01.2015

Skuleskyss – Innmelding av skyssbehov 2015-2016

Innmelding av skyssbehov skjer i 2 delar:

- 1) Innmelding av start og sluttider. **Frist 1. mars**
- 2) Innmelding av elevsøknader. **Frist 1. mars**



Start og sluttider for skuleåret 2015-2016 må leggest inn før innmelding av elevsøknadane.

1) Start og sluttider

Start og sluttider som blir meldt inn i Cert er planleggingsgrunnlaget for skuleskyssen. Det er viktig at tidspunkta stemmer. Er ikkje timeplanane klare innan fristen må dette meldast til skoleskyss@skyss.no. I tilfelle der start og sluttider ikkje er meldt inn innan fristen og det ikkje er gode grunnar for dette, kan ikkje Skyss garantere for eit skyssopplegg ved skulestart.

Skular som gjer endringar i timeplanen i forhold til inneverande skuleår, må melda særskilt frå om dette, så snart som råd og seinast 1. mars. Endringar **etter fristen** kan ein diverre ikkje rekna med vil bli teke omsyn til og eventuelle meirkostandar vil bli vurdert fakturert kommunane.

Søknad om endring, utsetjing og spørsmål sendast til skoleskyss@skyss.no.

2) Elevsøknader

Søknadane er skulen si bestilling av transportkapasitet til Skyss. Det er dermed viktig at alle felta i søknaden er riktig fylt ut og at eventuell nødvendig dokumentasjon er lagt ved elektronisk. **Ferdig prega skulekort blir produsert på grunnlag av søknader meldt inn innan fristen.**

Drosje: For elevar der ein søker om drosje er det eit krav at telefonnummer til føresette er fylt ut for at drosjeselskapet skal kunne utføre skyssen.

Brukarmanual

Skyss har ein manual som viser deg steg for steg korleis informasjonen skal leggest inn i Cert. Me har også instruksjonsvideoar på YouTube. Linkar finn du i Cert Nyhendingar og på www.hordaland.no/cert

Organisering av skyss

Etter opplæringslova § 13-4 har kommunen eit medansvar i organiseringa av skuleskyssen. Det inneber mellom anna at den einskilde skule må ta omsyn til skyssen ved utarbeidinga sine start- og sluttider.

Med dette ynskjer vi lukke til med oppgåvene i samband med skuleskyss for 2015-2016.

Med vennleg helsing,
Erlend Rongen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.